

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 10.02.2023

Vår ref.: 201905997-16 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Randi Holme 99 21 51 22/
rho@nve.no

Avgrensa høyring detaljplan for miljø og landskap - rehabilitering av Svartevatn dammar - Matre - Haugsdal kraftverk - Modalen og Masfjorden kommunar

I brev datert 20.01.2023 mottok Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) detaljplan for miljø og landskap frå Eviny Fornybar AS for rehabilitering av Svartevatn dammar ved Matre- Haugsdal kraftverk i Modalen og Masfjorden kommunar. Vi sender detaljplanen på høyring, og vi ber om at merknader til planen vert sendt til NVE seinast innan 13.03.2023.

Konsesjonen ligg fast

Løyve til å regulere Matre- og Haugsdalsvassdraget er gitt i kgl.res datert 11.12. 1964. Konsesjonen ligg til grunn for denne høyringa og sjølv konsesjonsspørsmålet er ikkje gjenstand for ny høyring.

Korleis følgjer NVE opp detaljplanen for miljø og landskap?

Detaljplanen for miljø og landskap som er lagt fram skildrar korleis det er planlagt å gjennomføre arbeida. Arbeidet er underlagt offentleg tilsyn. Det er NVE som utøver tilsynet og jf. post 15 i konsesjonen skal vi godkjenne detaljerte planar for miljø og landskap før arbeida tek til. Vi kontrollerer at arbeida skjer i samsvar med konsesjonsvilkår, godkjende planar, og at anleggsområda vert rydda forsvarleg opp og sett i stand.

Kva ønskjer vi tilbakemelding på frå høyringspartane?

Svartevatn dammar stettar ikkje krava i forskrift om damtryggleik. Difor må det gjennomførast tiltak, og desse er pålagde av NVE. Vi sender plan for miljø og landskap på avgrensa høyring for å fange opp eventuelle endringar i kunnskapsgrunnlaget.

Vi ønskjer følgjande tilbakemelding frå høyringspartane på vedlagd plan for miljø og landskap:

Modalen /Masfjorden kommune: Eventuelt nye opplysningar om areala som er planlagt tekne i bruk, og kva planstatus området har i kommuneplanen sin arealdel. Vi ber og om andre opplysningar innan forvaltningsområdet dykkar som e relevante for prosjektet.



Statsforvaltaren i Vestland: Kunnskap om eventuelt trua og sårbare artar i tiltaksområdet. Vi ber og om andre opplysningar innan forvaltningsområdet dykkar som er relevante for prosjektet.

Vestland fylkeskommune: Opplysningar om kulturminne i planområdet. Vi ber og om innspel om forhold knytt til friluftsliv, orientering om eventuelle forvaltningsplanar og andre regionale planar i tiltaksområdet og andre opplysningar innan forvaltningsområdet dykkar som er relevante for prosjektet.

Miljødirektoratet: Kunnskap om eventuelt trua og sårbare artar i området arbeida skal gjennomførast. Vi ber og om andre opplysningar innanfor forvaltningsområdet dykkar som er relevante for gjennomføring av prosjektet.

Nordhordland turlag/Bergen og Hordaland turlag: Eventuelle merknader til tiltaka som er skildra for å ta omsyn til friluftsliv i byggjeperioden.

Konsesjonæren har ansvar for å avklare privatrettslege forhold med dei som har rettar i området og å innhente nødvendige løyve etter anna lovverk før arbeida tek til.

Forholdet til plan- og bygningslova

Vassdragsanlegg med konsesjon etter vassdragslovgjevinga er med heimel i forskrift om byggesak § 4.3 unnatekne frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Detaljplanen for miljø og landskap skal vere avklart i forhold til kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Vi gjer merksam på at vilkåret for å gi dispensasjon alltid vil vere til stades for tiltak som har konsesjon etter vassressurslova, vassdragsreguleringslova eller energilova, jf. Lovkommentar til plandelen av plan- og bygningslova, revidert utgåve 2022.

Frist for å høyring

Detaljplanen for miljø og landskap finn de her: www.nve.no/220/V

Vi ber om at merknader til detaljplanen for miljø og landskap vert sendt til NVE, uttalelse@nve.no innan **13.03.2023**. Merk uttalen med «Uttale» og saksnummer 201905997 i emnefeltet.

Som del av NVE si handsaming vert uttalar eller deler av uttalar referert i utgåande brev. Dersom han er lang er det ein fordel av det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Av same grunn ønskjer vi å få teksten elektronisk. Uttalar er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagt ut på NVE sine nettsider.



Med helsing

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

Randi Holme
senioringeniør

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Mottakarliste:

Modalen kommune
MASFJORDEN KOMMUNE
Bergen og Hordaland Turlag
NORDHORDLAND TURLAG
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

EVINY FORNYBAR AS
EVINY FORNYBAR AS - Sissel Hauge Mykletun
EVINY FORNYBAR AS - Håvard Fosse